

NYHENDEBREV NR 3/2017, 17. MARS 2017.

Høgskulen i Volda: Kompetanse for framtida

Dubbing, lydbok og radioteater på AKF: Studentar gjekk rett i jobb

Studentane på det nye emnet Lydbok, dubbing og radioteater på AKF er berre halvvegs, men alt no har studentane fått sine første oppdrag.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5830&module=news>

Stor interesse for karrierebygging

Forskarforbundet og Høgskulen i Volda arrangerte i fellesskap seminar om karrierebygging fredag 17. mars. Det var heile 50 deltakarar på seminaret der Raket Christina Granaas sette karrierebygging i ein større samanheng og utfordra både leiing og den einskilde tilsette til å tenkje systematisk på fagleg karrierebygging og kom med råd om korleis ein kan arbeide for opprykk. Granaas erseniorrådgivar i Universitets- og høgskulerådet (UHR) og har tidlegare vore tilsett som høgskuledosent og dekan ved Høgskulen i Volda. Førstelektor Birgitte Fondevik er inne eit karriereløp mot dosent og fortalde korleis ho arbeidde fram mot førstelektorkompetanse.

<http://www.uhr.no/?objectId=8569&method=view&aid=6>

Høgskulen held fram med vald rektor

Høgskulestyret vedtok i førre møte å halde fram med ordninga med valt rektor som då også er styreleiar. Saka kom opp no fordi styringsordninga er viktig for kva stillinga som høgskuledirektør faktisk vil omfatte. <http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5825&module=news>

Innstillingsutval for tilsetting ny høgskuledirektør

Høgskulestyret har peika ut følgjande gruppe som skal arbeide med tilsetting av ny høgskuledirektør og kome med innstilling til styret. Medlemmene av gruppa er: Rektor Johann Roppen, styremedlem Inger Østensjø, dekan Aud Folkestad, Karoline Strand (studentrep.), Johann Folkestad og Margret Homlong Øyehaug (tilsettes representantar). Personaldirektøren er sekretær for gruppa. Gruppa hadde sitt første møte 17. mars. Styret bestemte også at styremedlemmene i gruppa ikkje skal delta i den endelege styrebehandlinga i tilsettingssaka. Då vil i staden vara bli kalla inn.

Direktørstillinga er utlyst - søknadsfrist 19.april.

Høgskuledirektør Jacob Kjøde jr. går av med pensjon i slutten av juli og Høgskulen i Volda lyser difor ut stillinga som høgskuledirektør. Stillinga som høgskuledirektør er ledig frå 1. august 2017 og er ei åremålsstilling på 6 år. Søknadsfristen er 19.april 2017.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5826&module=news>

Professor Båtevik skal leie arbeidsgruppe

Rektor har sett ned ei arbeidsgruppe som skal gje råd om korleis Høgskulen i Volda kan skaffe seg fleire oppdrag for arbeidsliv, næringsliv og andre. Professor Finn Ove Båtevik ved Avdeling for samfunnsfag og historie skal leie gruppa. Dei andre deltakarane i arbeidsgruppa er Randi Bergem (ASH), Siv Måseidvåg Gamlem (AHL), Lars Julius Halvorsen (AMF), Helga Synnevåg Løvoll (AKF), FoU-koordinator Ola Teige og økonomidirektør Ingunn Welle. Kontor for samfunnskontakt er sekretariat for arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppe for Henrik Kaarstad-huset

Henrik Kaarstad-huset har vorte oppussa for over 60 millionar, men det står att ein del arbeid innvendig når det gjeld utsmykking, lagerplassar og historikk. Etter initiativ frå Avdeling for kulturfag har direktøren no sett ned ei arbeidsgruppe som skal gje råd om korleis huset både skal bli ein betre plass for å lære og leve, men også oppleve kunst og å ta vare på historia til huset, særleg knytt til

lærarutdanninga. Medlemmene av arbeidsgruppa er: Karen Brønne (AKF), Kari Hasle (ASH), Per Vassbotn (drift), Anne Øie (AHL) og Britt Ølnes (emeritus).

Niels Jørgen Andreassen skal leie arbeidet med å bytte ut Fronter

Niels Jørgen Andreassen har vorte tilsett som koordinator for arbeidet med å bytte ut Fronter til ei ny læringsplattform (LMS-system). Andreassen har tidlegare arbeidd som høgskulelektor Danmark. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som på eitt av dei første møta skal tilrå om Høgskulen i Volda skal velgje Canvas slik Uninett har tilrådd. Dei fleste UH-institusjonar har valt Canvas. Dei andre medlemmene av arbeidsgruppa er: Torbjørn Frantsen (AKF), Arnfinn Kjelland (ASH), Bjørnar Sæterås (AHL), Kristian Fuglseth (AMF), Roy Inge Nupen, Margrethe Munthe Vassbotn (fellesadministrasjonen) og student Torill Hagen.

Samling av mediefaga ved Høgskulen i Volda

Høgskuleleiinga vil foreslå overfor styret at mediefaga ved Høgskulen i Volda blir samla i Avdeling for mediefag frå 1.januar 2018. Saka blir lagt fram for høgskulestyret på møtet i juni.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5827&module=news>

HVO i media:

Dagsavisen, 10.mars 2017: - Når ikke egne mål for elevene (intervju med professor Peder Haug).

<http://www.dagsavisen.no/innenriks/nar-ikke-egne-mal-for-elevene-1.935383>

Forskerforum 14.mars 2017: - Kvifor skal Høgskulen i Volda bli universitet?

<http://www.forskerforum.no/hvorfor-skal-vi-bli-universitet/>

Det er praksisperiode for mediefaga. Her er lenkjer til øvingsmedia

www.nernett.no

Studentmedia i Volda (Peikestokken, Studentradioen og andre):

<http://knaggen.no/>

Ting som skjer framover:

- 21. mars: [Verdas poesidag i biblioteket](#)
- 23. mars: [Lunsjforedrag: Rolla som gjest i ulike kulturar - dei uskrivne lovene](#)
- 26. april: [Den norske dokumentarfilmfestivalen](#)